

Koordineringsutvalet

Møteprotokoll

Møtedato:	18.05.2026
Møtestad:	Øygarden rådhus - Ordførarkontoret
Møtetid:	Kl. 10:00 - 10:30

Medlemer som møtte	Rolle
Ernst Morten Einarsen	Utvalsleiar - levekårsutvalet
Svein Otto Jacobsen	Utvalsleiar - kommuneplanutvalet
Johnny Breivik	Kommunedirektør
Anne Erdal	Kommunalsjef
Line Barmen	Kommunalsjef
Marius Flesland Sylta	Kommunalsjef
Anne-Merete Vabø Haugane	Kommunalsjef

Medlemer med forfall	Rolle
Tom Georg Indrevik	Ordførar
Anita Garlid Johannessen	Varaordførar
Børge Haugetun	Utvalsleiar – plan- og miljøutvalet

Møteleiar	Johnny Breivik
Møtesekretær	Beate Hetlevik

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

007/26: Møte i Koordineringsutvalet

Forslag til vedtak

Det er ikkje forslag til vedtak i møtet.

Koordineringsutvalet 18.05.2026

Behandling i møtet

Orienteringar

Kommunedirektøren med kommunalsjefar orienterte om desse sakene:

- Det vert jobba med innhaldet til budsjettseminaret i formannskapet 9. juni
- Reviderte behovsanalyser kjem til behandling i formannskapet og kommunestyret i juni
- Møte i administrasjonsutvalet 18. mai
- Kort status for økonomi
- Møte i politirådet 6. mai - Situasjonen er rolegare no enn for ei tid tilbake. Vinning er kraftig redusert. Kommunen får gode tilbakemeldingar på måten vi handterer sakene på.
- Barnevernet: Hovudtilsynet frå Statsforvaltaren er avslutta, og Statsforvaltaren er no nøgd med arbeidet vårt.
- Krafttak for livet - arrangement på Ågotnes 6. og 7. juni 2026

Utvalsleiar levekårsutvalet - Ernst Einarsen

Ernst Einarsen, Line Barmen og Jørgen Kausland deltok på konferansen e-helse MVTe 2026 6. og 7. mai

- Del av konferansen vert presentert for Levekårsutvalet i neste møte

Gjennomgang av liste over saker meldt til politisk behandling

Merknader til saker som er meldt til utvala vert ikkje omtala nærare i protokollen, men lagt inn som merknad i lista.

Bestilte saker i møtet

Det var ikkje bestilt saker i møtet.

Vedtak i Koordineringsutvalet 18.05.2026 - saksnr. 007/26

Det er ikkje gjort vedtak i møtet. Det vert vist til eventuelle merknader under behandling.